



# DEN NORSKE KIRKE

## Stavanger bispedømmeråd

Det Kgl. Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartement  
Kirkeavdelingen  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

Dato: 25.08.2010

Vår ref: 09/164-17 GR

Deres ref:

### Høyringsvar: Forslag om endringar i gravferdslova og kyrkjelova

Stavanger bispedømmeråd takkar for tilsendt høyring om endringar i gravferdslova og kyrkjelova. Saka vart handsama i bispedømmerådsmøte 3.september 2010 (protokollutskrift følgjer vedlagt).

Bispedømmerådet er i hovudsak samde i endringsforslaga. I det følgjande vil vi gjere greie for kva vi er usamde i.

#### 4.1 Kunnskap, kjennskap og samhandling

Departementet gjer her framlegg om at kyrkjeleg fellestråd minst ein gong i året skal innby dei trus- og livssynssamfunna som har verksemd i kommunen til å drøfte korleis ein skal kunne ivareta omsyna til trus- og livssynssamfunna sine ulike behov ved gravferd. Det vil vere viktig for gjensidig samarbeid og forståing at det vert gjennomført eit drøftingsmøte mellom gravferdsmyndigheita og trus- og livssynssamfunna.

Omgrepet "tros- og livssynssamfunn som er virksomme på stedet" gjev ikkje ei tydeleg avgrensing av kven som skal inviterast til dialogmøtet. Gravferdsmyndigheita kan lett kome i skade for å oversjå grupper som skulle ha vore invitert. Det bør derfor finnast fram til ei tydeleg ordning for kven som skal delta i dialogmøtet. T.d. kan det etablerast ei registreringsordning der trus- og livssynssamfunna sjølve får ansvar for å melde frå om at dei skal delta i drøftingsmøta.

#### 4.3 Kyrkjegard – nemning og plassering

Det vert gjort framlegg om at uttrykket "kirkegård" i ei rekkje paragrafar vert endra til "gravlund". Dette framlegget gjeld fyrst og fremst ordlyd og nemning i gravferdslova. Det er ikkje noko til hinder for at konkrete gravplassar kan heite "kyrkjegardar" der dette er naturleg. For eksisterande kyrkjegardar, er det ikkje nedfelt noko krav om namneendring.

"Gravlund" er eit omgrep som fungerer dårleg på nynorsk og i talemålet i vår del av landet. Dessutan er det mange kyrkjegardar som har ei utforming og plassering som gjer at omgrepet "lund" ikkje passar. Dersom ein skal skifta til eit meir nøytralt ord, bør det vere "gravplass". Vi vil derfor foreslå at omgrepet "kyrkjegard" i gravferdslova vert endra til "gravplass".

Det at gravplassane vert løyste frå soknestrukturen og kyrkjebygga, må vurderast opp mot kva ulemper dette kan medføre. Størsteparten av alle gravferdsseremoniar vert gjennomførte i kyrkjebygg, og det vil også i framtida vere viktig at gravfylgjet ikkje må reise uforholdsmessig langt frå der gravferdsseremonien vert forretta til gravplassen der gravlegging vert utført. Derfor bør det nedfellast eit prinsipp om at nye gravplassar må etablerast i nærleiken av kyrkjebygg eller gravkapell.

#### **4.5 Frå vigsling av kyrkjegard til seremoni på gravlund**

Gravlegging i vigsla jord er ein kristen tradisjon som betyr mykje. I ein situasjon der nøytralitet får stor vekt, er det viktig at ein sikrar retten til å bli gravlagt i vigsla jord for alle medlemmar i Den norske kyrkja.

Gjeldande liturgi klar på at vigsling er noko vi gjer med gravplassen. Omgrepet "vigsla jord" i seg sjølv er uttrykk for dette. Liturgien er ei vigsling av sjølve kyrkjegarden, ikkje av bruken av kyrkjegarden. Orda "seremoni" eller "rituell høytidelighet" dekkjer ikkje Den norske kyrkja sitt behov i denne samanheng. Derfor bør omgrepet vigsling vere med i lova, men det bør vere klart at det ikkje gjeld heile gravplassen og at det også er ope for andre trussamfunn/livssynssamfunn å ha ein seremoni som høver i forhold til deira behov. Det bør vere visse rammer for vigsling og andre typar seremoniar, m.a. noko om fordeling av delar av gravplassen, og at alt skal skje i respekt for andre som gravlegger sine på den same gravplassen.

Det kan likevel takast inn ei formulering i lova som presiserer at handlingar eller seremoniar på gravstadane ikkje på ein sårande eller krenkande måte viser ringeakt for andre religionar, trussamfunn eller livssynssamfunn.

Stavanger bispedømmeråd ønskjer at det framleis skal vere mogeleg for Den norske kyrkja å vigsle delar av gravplass etter gjeldande liturgi.

#### **4.8.2 Saksbehandlingsreglar som vedkjem krematorium og gravferd**

I dag er ordninga for "anlegg, utvidelse, nedleggelse eller annen vesentlig endring av gravlund og bygninger på gravlund" at bispedømmerådet godkjenner planar som kyrkjeleg fellelsråd legg fram. Før endringssøknaden kjem til bispedømmerådet, har kommunen vore inne i saka etter reglane i Plan- og bygningslova. Dessutan har kommunen løyvd pengar til kyrkjeleg fellelsråd, ut frå budsjettframlegg der endringsplanar for kyrkjegarden ligg inne.


Det at kommunen i tillegg skal gi sin "tilslutning" i samband med "anlegg, utvidelse, nedleggelse eller annen vesentlig endring av gravlund og bygninger på gravlund", verkar både overflødig og byråkratiserande. Det er uklart kva form ei slik "tilslutning" skal ha, kva slags instans innan kommunen som skal handsame saka, og kva tidspunkt i sakshandsamingsprosessen kommunen skal gi tilslutning.

Det er ofte slik at bispedømmerådet krev endringar i framlagde planar i samband med si godkjenning. Dersom kommunen har gitt tilslutning før bispedømmerådet handsamar planane vil det oppstå spørsmål om saka skal gå attende til kommunen, for vurdering av endringane, før ein kan rekne saka som endeleg godkjent.

I praksis kan det også verte spørsmål om kva forskjellen er mellom "tilslutning" og "godkjenning". Ein bør unngå at det oppstår konflikt mellom kommunane sitt mynde og bispedømmerådet sitt mynde.

Stavanger bispedømmeråd ønskjer ikkje at gjeldande ordlyd i gravferdslova § 4 første ledd vert endra.

Med vennleg helsing

  
for Age Bognø e.f.  
stiftsdirektør



**DEN NORSKE KIRKE**  
**Stavanger bispedømmeråd**

Dato: 15.09.2010    Vår ref.: 09/164-19 /GR    Saksbehandler: Gunnar Rønnestad

**Protokollutskrift frå sak 037/10:**  
**Høyring: Framlegg om endringar i gravferdslova og kyrkjelova**

Følgjande vedtaksforslag frå Wenche Haugen Havrevoll fekk ei stemme:

*Hovudintensjonen i kyrkjelova § 9 femte ledd må behaldast.*

Følgjande vedtaksforslag frå Wenche Haugen Havrevoll fekk to stemmer:

*Hovudintensjonen i kyrkjelova § 11 andre ledd, bokstav b), c) og d) må behaldast.*

Wenche Haugen Havrevoll la fram følgjande tilføyning til protokollen:

*Kyrkjelova § 9 femte ledd vert ikkje oppheva, men tilpassa ny tenesteordning.  
Kyrkjelova § 11 andre ledd bokstav b), c) og d) vert ikkje oppheva, men tilpassa ny tenesteordning.*

**SBDR-037/10 03.09.2010 Stavanger bispedømmeråd vedtak:**

Stavanger bispedømmeråd gjev høyringssvar på "Forslag om endringar i gravferdsloven og kirkeloven" ut frå saksframlegg og bispedømmerådsmedlemmane sine kommentarar i møtet.